

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|----------|------------|
| Asbjørn Nagell Toft | FA - C59 | 14/1107 |

Uttale til "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland" - høyring av framlegg til område

Vedlegg:

Høyring - Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland
Oversendingsmail
Høyringsmøte Hordaland-program
Høyringsutkast mai 2014 - Hordaland.

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune synes det er fornuftig at område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er med på framlegget til «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland». Austrheim kommune er samd i at dette er eit viktige kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse der alle må ha ein medveten haldning til bruk og vern. Austrheim kommune ser difor nytten av eit slikt register. Austrheim kommune ber om at området «1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar» får ei avgrensing til 100 meters beltet i strandsona eller til ei meir funksjonell strandsona.

Formannskapet - 154/14

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Austrheim kommune synes det er fornuftig at område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er med på framlegget til «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland». Austrheim kommune er samd i at dette er eit viktige kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse der alle må ha ein medveten haldning til bruk og vern. Austrheim kommune ser difor nytten av eit slikt register. Austrheim kommune ber om at området «1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar» får ei avgrensing til 100 meters beltet i strandsona eller til ei meir funksjonell

strandsone.

Kommunestyret - 096/14

KS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Austrheim kommune synes det er fornuftig at område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er med på framlegget til «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland». Austrheim kommune er samd i at dette er eit viktige kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse der alle må ha ein medveten haldning til bruk og vern. Austrheim kommune ser difor nytten av eit slikt register. Austrheim kommune ber om at området «1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar» får ei avgrensing til 100 meters beltet i strandsona eller til ei meir funksjonell strandsone.

Saksopplysninger:

Riksantikvaren har sendt framlegg til «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland» på høyring. Det er framlegg på høyring til ni område som er avgrensa som kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Riksantikvaren ber om høyringsmerknad. Framlegget omfattar følgjande område:

1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar
2. Byfjellene i Bergen, Bergen kommune
3. Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar
4. Søre Bømlo, Hespriholmen og Langevåg, Bømlo kommune
5. Etne, Etne kommune
6. Rosendal, Kvinnherad kommune
7. Indre Sørfjorden, Odda kommune
8. Ytre Sørfjorden, Ullensvang herad
9. Eidfjord, Eidfjord kommune

Området 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er vist på kart i vedlegga til saka. Kvart område er gjeve ein landskapskarakter og ei grunngjeving for kvifor landskapet er av nasjonal interesse. Med utgangspunkt i landskapskarakteren og nasjonale interesser har Riksantikvaren skissert kva tiltak området er sårbart for og kva det bør få å seie for forvaltninga av areala.

Høyringsutkastet inneheld òg ei kort skildring av landskap og kulturhistorie i Hordaland, som ei ramme for utvalet av område. Riksantikvaren har saman med fylkeskommunen i Hordaland arbeidd med eit forprosjekt for å prioritere kulturhistoriske landskap som er av nasjonal interesse. Det er Klima- og miljødepartementet som har gjeve Riksantikvaren i oppdrag å etablere eit register for

kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Det overordna målet med dette arbeidet er å formidle kunnskap om viktige kulturhistoriske landskap til samfunnsaktørar som påverkar og styrer utviklinga av landskapa. Målet er å bidra til ei god forvaltning av landskap generelt og desse prioriterte kulturhistoriske landskapa spesielt. Riksantikvaren vil gjennom dette klargjere kva landskap som har særskilte verdiar som kommunane og andre styresmakter bør ta omsyn til i planlegging og forvaltning. I utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse har Riksantikvaren vore opptekne av dei viktigaste utviklingstrekk og kva struktur og mønster, samt sentrale element, som det er mogeleg å oppfatte i dag.

Riksantikvaren ønskjer at utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal verte ein premiss for lokal planlegging og forvaltning, men og for regional og nasjonal planlegging. Arbeidet skal gje eit kunnskapsgrunnlag slik at kommunane kan drive ei betre lokal forvaltning av landskap med kulturhistoriske verdiar. Riksantikvaren opplyser at registeret ikkje vil i seg sjølv innebera vern av dei prioriterte områda, men vere eit hjelpemiddel i arealdisponeringa i kommunen.

Riksantikvaren ber høyringsinstansane om alle type merknader og innspel til framlegget, men dei peikar særleg på følgjande tema som dei treng uttale til:

- Utvalet av område i fylket
- Områdeskildring, avgrensing, innhald av det einskilde området (sjå grøn strek på kart)
- Forvaltning av områda – tolegrensar, sårbarheit, planstatus og -utvikling
- Bruken og nytten av eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Vurdering:

Rådmannen vil peike på at i omtalen av kvart område er det grunngeve kvifor Riksantikvaren vurderer Den Indre Farleia i Austrheim, Lindås og Radøy kommune til å ha nasjonal interesse. I den vurderinga har dei lagt til grunn landskapet, med sin landskapskarakter representerer tilhøve som har særleg mykje å seie for historia. Dette omfattar viktige fasar i historia, struktur i landskapet, byggeskikk og arkitektur, verksemder, hendingar og kjelder til forhistoria der det elles finst få eller ingen skriftlege kjelder. Rådmannen synes det er positivt at eit slikt nasjonalt register kan fremja kunnskapen om samferdsle på kysten vår og om utviklinga av kystkulturen, men det bør og vera eit sentralt mål her å leggja til rette for sjøverts nytte, turistferdsel og rekreasjon i Den indre farleia.

Rådmannen vil får fram at Riksantikvaren med dette arbeidet vonar at registeret kan bidra til styrke dialogen mellom kommunane og regional kulturminneforvaltning tidleg i plansaker, slik at ein kan unngå konflikter om arealbruken i verdifulle kulturhistoriske landskap. Det er eit godt mål, synes rådmannen.

Rådmannen synes det er positivt at området vårt ikkje vil få nokon formell vernestatus etter kulturminnelova, men visast som nasjonalt viktige landskap. Rådmannen synes derimot at dette arbeidet vil kunne bidra til at kommunen og andre aktørar får ei medveten haldning til kvalitetane i landskapet der Den indre Farleia er i planlegging og forvaltning.

Rådmannen synes utvalet av område i fylket som er med er fornuftig, men vil peike på at det burde vore fleire prioriterte område nord i fylket også.

Rådmannen synes at områdeskildring er og innhald av det einskilde området er god, men avgrensinga av område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar må snevrast noko

inn. Rådmannen meiner at grensene bør følgja den funksjonelle strandsona eller ha med dei kvalitetane i landskapet som avgrensing som «**Prosjektet Den Indre Farleia» har med i sin felles Nærings-, restaurering- og forvaltingsplan**». Hovudprinsippa i denne planen vart vedteken av alle farleikommunane i 2005/2006 (Bergen og Nordhordland). På denne måten vert forvaltninga og betre med ei tydeligare avgrensing mot sjø av område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar.

Rådmannen meiner at forvaltning av område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar bør kunne styrast av gode kommuneplanar, men at gjennom arbeidet med den Marine verneplanen for Lurefjorden og bør ta inn over seg at deler av dette området treng ein formell vern som landskapsvernområde eller nasjonalpark. Det vil og auka attraktiviteten til dette flotte sjø- og strandområdet som mange brukar til ferdsel, fritid, fiske og andre berekraftige næringsføremål.

Rådmannen ser at bruken og nytten av eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse er stor, men vonar at det kan koma øyremerkta midlar til restaurerings- og friluftslivtiltak i dette området. Dette gjeld utvikling av fleire gjestehamnar, parkeringsplassar, farleiskilting og anna tilrettelegging for sjøfarande. Det bør og kunne koma støtteordningar for ein berekraftig næringsaktivitet i dette område som gjer at seinare generasjonar kan nytte dette unike området utan å forbruka det. Rådmannen meiner difor at det nasjonale pilotprosjektet som «Den Indre Farleia» var og som har stoppa opp ei tid no bør vidareførast av Riksantikvaren saman med kommunane og Hordaland Fylkeskommune.

Rådmannen vil peike på at gjennom mange tusen år har Den indre farleia i Nordhordland i livd av skjergarden utanfor vore ein viktig del av sjøvegen langs norskekysten. Området 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er globalt ei sjeldan naturgåve som må forvaltast på ein langsiktig berekraftig måte. Rådmannen synes difor det er difor positivt at dette unike strand- og sjøområdet i Nordhordland kom med på den prioriterte lista på område med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland.

Konklusjon:

Austrheim kommune synes det er fornuftig at område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er med på framlegget til «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland». Austrheim kommune er samd i at dette er eit viktige kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse der alle må ha ein medveten haldning til bruk og vern. Austrheim kommune ser difor nytten av eit slikt register. Austrheim kommune ber om at området «1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar» får ei avgrensing til 100 meters beltet i strandsona eller til ei meir funksjonell strandsone.

